



## Innkalling til rådsmøte i Ryfylkerådet

### Innkallinga går til:

Stanley Wirak, ordfører Sandnes kommune  
Pål Morten Borgli, varaordfører i Sandnes  
Bodil Sivertsen, kommunedirektør Sandnes kommune  
Anita Husøy Riskedal, ordfører i Hjelmeland  
Wictor Juul, rådmann i Hjelmeland  
Vegard Thise, kommunedirektør i Sauda  
Gerd Helen Bø, ordfører i Suldal  
Karin Dokken Austvik, kommunedirektør Suldal  
Bjørn Aril Veland, fung. ordfører Strand  
Mette Barkved Hansen, kons. kommunedirektør Strand

### Kopi til:

Kristoffer Amdal, styreleiar i Ryfylke IKS

### Saksliste til møtet, 12.04.2023 klokka 17.00, på Lilland Hotell på Tau

- Sak 11/23 Godkjenning av innkalling, saksliste, møtebok frå møtet 08.02.23 og meldingar
- Sak 12/23 Ungdomsutvalet – ungdomsstyre for regionen
- Sak 13/23 Kommunikasjonsstrategi Ryfylke IKS
- Sak 14/23 Ryfylketing 2023
- Sak 15/23 Rekneskapsrapport 2022
- Sak 16/23 Eventuelt

Hjelmeland, 05.04.2023

Asbjørn Birkeland  
rådsleiar i Ryfylkerådet

Øyvind Lundbakk  
dagleg leiar i Ryfylke IKS

## **Sak 11/23 Godkjenning av innkalling, saksliste, møtebok frå møtet 08.02.23 og meldingar**

Møtebok frå møtet 08.02.23 er sendt ut tidlegare.

### **Meldingar:**

#### ***Møte 13.04. – besøk av statssekretærar***

På grunn av endring i planane til dei besøkande, vil dei ikkje vere til stades under middagen onsdag kveld. Dei har derimot moglegheit til å ha møte med Ryfylkerådet etter at fellesprogrammet er ferdig kl. 15. Det bør i rådsmøtet drøftast kva ein eventuelt ønskjer å drøfte med statssekretærane.

Program for dagen:



Torsdag 13.04.2023 klokka 09.00- 15.00

*Programmet blir som følger:*

- 09.00 Registrering, rundstykke og kaffi/te
- 09.30 Velkommen til Ryfylke v/ Asbjørn Birkeland, rådsordfører i Ryfylke  
Innlegg frå:
- Oddmund Løkensgard Hoel i Kunnskapsdepartementet
    - Ei kompetansetilnærming for Ryfylke
  - Ole Gustav Narud i Kommunal- og distriktsdepartementet
    - Ei attraktivitetstilnærming for Ryfylke
- 10.30 Velkommen til Strand vgs v/ Erik Danielsen, rektor  
Omvising på undervisningsarenaer ved Strand vgs - Havbrukscenter og utdanning innan automasjon lagt til bedrifta Comrod.
- 12.15 Lunsj
- 13.00 Ryfylkemodellen – Forsking, kompetanse - og kunnskapsdeling i Ryfylke
- Ryfylke får det til - vegen vidare – v/ Tone Merete Brekke, HVL
  - Prosjektet og tilnærming – v/ Ryfylke IKS
  - Næringslivet si rolle og behov for kompetanse og rekruttering v/ Roald Tvedt, Næringsforeningen i Stavangerregionen - ressursgruppa i Ryfylke
- 13.45 Kompetanse og rådgjeving - to sider av same sak|  
Ungdom og utanforskap
- Nye landsmenn og dei som står utanfor – ein ressurs for Ryfylke v/ Anne Birkeland, NAV Sauda og Suldal
  - Unge meiningar utfordrar oss - nyttig for vegen vidare v/ representant frå ungdomsutvalet, Anne Bratthammer
- 14.15 Ordsifte med
- Oddmund Løkensgard Hoel i Kunnskapsdepartementet
  - Ole Gustav Narud i Kommunal- og distriktsdepartementet
- 14.45 Oppsummering og refleksjonar - vegen vidare  
Espen Geelmuyden Rød, samfunnsvitar
- 15.00 Separat møte for Ryfylkerådet
- Oddmund Løkensgard Hoel i Kunnskapsdepartementet
  - Ole Gustav Narud i Kommunal- og distriktsdepartementet
- 17.00 Slutt

### ***Utdannings-/studiesenter***

Det er lagt fram sak for fylkestinget med framlegg til prosess for etablering av eit studiesenter i Ryfylke som skal til behandling 25.04.23 Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe slik:

- Fylkeskommunen administrasjon (næring og kultur) , 2 rep
- Ryfylke IKS, 1 rep
- Dei vidaregåande skulane, 1-2 rep
- Næringslivet i Ryfylke 2 rep
- Kommunane 2 rep

Referansegruppe for arbeidet blir slik:

- Ryfylkerådet
- Ryfylke IKS ved dagelig leiar
- Sauda og Strand vgs. ved rektorane
- Utdanningsinstitusjonar: UiS, HVL, Fagskolen Rogaland
- NAV
- NHO
- LO
- Statsforvaltaren

Folkevalde frå fylket er ikkje representert. Heller ikkje AOF Fagskolen som det er inngått samarbeidsavtale med om utvikling av desentraliserte studie. Studenten som er brukaren av dei tilboda som skal gis er ikkje gitt plass.

Følgjande spørsmål skal avklarast:

- Aktivitetar
- Samarbeidspartar
- Organisasjonsform
- Fylkeskommunen si rolle, inkludert eigarskap
- Finansiering

### ***Sluttrapport prosjekt Ryfylkealliansen.***

Ryfylkealliansen er no skilt ut frå Ryfylke IKS og det er etablert ei eiga foreining som skal føre arbeidet vidare. Det er no laga ein sluttrapport for arbeidet etter 16-års prosjektperiode, denne ligg her ved:

## Rapport Ryfylkealliansen – prosjekt i Ryfylke IKS

Finnøy i Ryfylke 03.02.2023

**Ryfylkealliansen blei avslutta som prosjekt i Ryfylke IKS 31.12.2022. 16 år som prosjekt er lenge. Men, det tyder nok også på at Ryfylkealliansen har hatt livets rett og vore ei viktig røyst og bidragsytar for å løfta fram Ryfylke gjennom mange år.**

Bakgrunnen for etableringa var eit samstemt ønske i 2005, under leiing av Ryfylke IKS, om ei felles merkevareplattform for regionen. Frå 2006 starta arbeidet med å utvikla ein eigen profil og logo, som eit prosjekt under Ryfylke IKS. 22. januar 2008 blei Ryfylkelogoen avduka. Same dag fekk tett på 30 verksemder ein plakett med logoen på, som eit symbol på at dei var dei første medlemene i Ryfylkealliansen. Dette var dei seks kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy, Forsand og Strand, i tillegg til små og store bedrifter, vidaregåande skular og fleire. I dag tel Ryfylkealliansen 175 medlemmer, inkludert dei «nye» kommunane Stavanger og Sandnes.

Føremålet har vore det same frå dag 1: *«Ryfylkealliansen er ei foreining som gjennom langsiktig merkevarebygging skal fremje identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke.»*

Frå 2006 og ut 2009 var Ryfylke Livsgnist tilsett som prosjektleiar. Frå 2010 til 2012 blei arbeidet drive på dugnad, med sekretærhjelp frå Ryfylke IKS. Styret i Ryfylkealliansen såg det nødvendig å styrka arbeidet med ein utøvande administrasjon. Frå januar 2013 har Ryfylkefondet løyvd eit årleg beløp, samt at Ryfylke Livsgnist har vore prosjektleiar på timebasis.

Ryfylkealliansen har arbeidd som ein marknadsførar og entusiast i det å løfta fram Ryfylke. Alliansen har ikkje hatt ein næringspolitisk rolle, men ein samlande funksjon på tvers av bransjar og ønske. Kommunegrensene har ikkje vore tema, men kva som tener Ryfylke, og ikkje minst korleis skal Ryfylke gjerast stolt og kjent.

Opp gjennom åra er det sett i gang fleire tiltak. Her noko som kan nemnast:

- Ryfylkelunsjar rundt i kommunane
- Musikkvideo «Mitt Ryfylke»
- Skrivetevling for 13-åringar: Når eg blir 50 i 2050 i Ryfylke
- Vertsskapskurset HEI (Humor, Engasjement og Identitet) i Ryfylke
- Etablering av Ryfylkebussen
- Kåring og arrangement av Norges flottaste juletre
- Eigen ryfylkestand på Gladmatfestivalen
- Matsatsing i samarbeid med Rymat
- Arrangement kring gjennomkøyring av Ryfylketunnelen og seinare både på Ryfastløpet og på sjølve opninga.
- Merkevareprisen Ryfylke
- Årsmøte med innhald – bedriftsbesøk, lanseringar mm

Det er fem område me vil løfta spesielt fram:

**Ryfylkequiz:** Etter styret si meining er Ryfylkequiz for 8. klassingar vår viktigaste identitets-satsing. Kvart år sidan 2016 har alle elevar i åttande trinn i Ryfylke fått læra om Ryfylke og deltatt i venskapleg kappestrid om kven som veit mest om Ryfylke. Det vil seia at alle ungdomar som er 21 år og yngre er blitt kjent med Ryfylkealliansen og Ryfylke. I 2023 er det dessutan fjerde året på rad at me arrangerer finalen som eit profesjonell, direktesendt TV-program på nettet. Det betyr at fleire tusen sjåarar følgjer med på Ryfylkequiz.

**Arena Ryfylke** er storsamlinga i Ryfylkealliansen. Det var samling både i 2008 og 2009, før det blei eit opphald. Men, frå 2013 har Arena Ryfylke vore fast hausttreff i Ryfylke. Aktuelle tema, bedriftsbesøk,



drøs, underholdning, mat og opplevingar. Kring 100 personar samla kvar gong. Deltakarrekord på Jelsa i 2022 med 130 frammøtte. Dei siste to åra har arrangementet vore eit samarbeid med Ryfylke IKS og Næringsforeningen i Stavanger-regionen, ressursgruppa for Ryfylke. Det er eit samarbeid me held fram med.

**Pilt-Ola prisen:** Denne gjeve Ryfylke-prisen er delt ut seks gonger. Prisen går til personar som har bidratt til positiv utvikling i og for Ryfylke, og som har sett spor etter seg ved å tenkja nytt. Prisen er både kjent og kjær i Ryfylke og i heile Rogaland. Prisvinnaren og prisen blir lagt merke til år etter år. Pilt-Ola prisen blir delt ut under Arena Ryfylke-arrangementet.

**Ryfylkekampanjen 2020:** Då pandemien braut ut i mars 2020 var ein først litt rådvill, men ikkje rådlaus. Ryfylkealliansen og Reisemål Ryfylke slo seg saman for å få folk til å oppdaga i Ryfylke, når ferien ikkje kunne gå til utlandet. Med støtte frå Ryfylkefondet blei det produsert 12 filmar om stader i Ryfylke. Her var det ein eigen lokal vert, som kort og gripande tok folk med på ei rundreise på sin stad. Treff på digitale flater var svært, svært høge. Me trur og vonar at filmene var med å skapa lyst til å besøka Ryfylke. Besøkstala var også gode denne sommaren.

**Ryfylkepuls** er den største satsinga så langt, og med overraskande god respons på så kort tid. Basert på erfaringar frå Ryfylkekampanjen, har det vore eit ønske å løfta fram næringsliv, attraktivitet og bulyst i Ryfylke. Det har blitt ei eiga digital TV-satsing, med sendingar kvar månad frå ulike stader i Ryfylke. Oppstart var august 2021. 26 TV-sendingar og 120 innslag fortel om ein stor variasjon av kva som er i Ryfylke. I tillegg er det produsert bransjefilmar, annonsefilmar for næringslivet og ikkje minst er nettsida [www.ryfylke.no](http://www.ryfylke.no) monaleg oppdatert. Følgjarar og aktivitet på instagram og facebook har fått ein stor auke, og sjåarskaren til Ryfylkepuls er stor. Ryfylkefondet og Rogaland Fylkeskommune støtta Ryfylkepuls økonomisk. På veg inn i 2023 er det klart at næringslivet sjølv nå kjem inn på banen, og blir sentrale i å få Ryfylkepuls ut på lufta. Fokuset blir også dreia endå meir mot ungdomar, med tanke på å få dei unge til å flytta tilbake til Ryfylke. Ryfylkepuls kjem også på nye digitale kanalar.

Ryfylkefondet har vore den største økonomisk bidragsytarane gjennom desse åra. I tillegg har medlemene betalt ein årleg kontingent. Sidan 2008 er det brukt vel 13,5 millionar kroner på arbeidet i Ryfylkealliansen. Isolert sett høyrest kanskje summen stor ut. Fordelt over 15 år, er det ikkje store kostnadene. Me trur satsinga har skapt positive bølger i, utanfor og for Ryfylke. Og ein har fått stor effekt ut av kvar krone. Så er det viktig at ein har målet for auge vidare – fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke.

Reisa i Ryfylkealliansen har vore spennande. Engasjementet har vore stort frå både styre, medlemer, Ryfylke IKS og prosjektleinga. Nå er Ryfylkealliansen etablert som eiga foreining, for å forsterka arbeidet ytterlegare. Samarbeidet med Ryfylke IKS vil vera viktig vidare, sjølv om Ryfylkealliansen formelt sett nå står på egne bein.



Tor Øyvind Skeiseid  
prosjektleiar Ryfylkealliansen



### **Midlar frå statsforvaltaren**

Ryfylke IKS fekk midlar frå Statsforvaltaren til gjennomføring av prosjektet «Kompetanse Ryfylke», 470 000 via Sauda kommune i 2019 og 250 000 via Hjelmeland kommune i 2020. Prosjektet går mellom anna til nettverksbygging av rådgjevingstenesta ved skulane i Ryfylke. Ved sluttrapportering til Statsforvaltaren kjem det fram at løyvingane ikkje er vidareført til Ryfylke IKS, og det blir no sendt oppmoding om utbetaling.

### **Rådgjevarforum**

Det var ny samling for rådgjevarane/retteleiarane i grunnskule, vgs, NAV mm på Jelsa 30. mars. 24 deltakarar var med, og hovudfokuset var fagskule som utdanningsveg. I tillegg presenterte ungdomsutvalet sitt arbeid, Windworks Jelsa og ammoniakk Sauda sine prosjekter - i tillegg til at det var bedriftsbesøk på Norsk Stein.

Arbeidsgruppa vil ha eit møte i juni der dei planlegg neste samling.

### **MOR-konferanse i Sauda**

Programmet for MOR-konferansen er i ferd med å koma på plass, og ein vil om ikkje lenge leggje denne ut for påmelding. Torsdag 31.08. og fredag 01.09. – og staden er Folkets Hus i Sauda.

### **Kartleggingar**

Målet var at rådet no skulle få kartlegginga me har utført sidan mai i fjor. No har me som ein del av kompetansepilotprosjektet gjennomført møter med rundt førti bedrifter i Ryfylke.

Sidan det har vore svært mange rapporteringar, søknadsprosessar og anna har me ikkje greidd å ferdigstille denne og den vil vera klar til møtet i mai.

### **Informasjon knytt til utdanningstilbod**

#### **1. Rapportering**

Ryfylke IKS har fått godkjent alle sine undervegsrapporteringar for dei fem prosjekta me fekk midlar til i 2022 frå HK-dir (totalt 1 800 000). Desse var:

- *Den blå åker* (havbruk) 60 stp
- *Digitalt Ryfylke* (marknadsføring og kommunikasjon) 60 stp
- *Sjukepleie* 180 stp
- *Fagskule helsefag innan sansestimulering* 60 stp
- *Fagskule IT, digitalisering og robotisering* 60 stp

Dei tre første har me ferdigrapportert, mens dei to siste er det gjort ei rapportering fram til no med endeleg rapportering etter sommaren.

Eigenfinansieringa knytt til desse prosjekta er 500 000 frå Rogaland fylkeskommune og 900 000 frå Ryfylkefondet.

## 2. Naturbruk

Fagskolen Rogaland har i samarbeid med Ryfylke IKS fått innfridd søknaden om midlar til to høgare yrkesfaglege studie innan Naturbruk på 60 studiepoeng:

- RAS (Resirkulerande akvakultursystem)
- Landbruksfag

Til utviklinga av studia er det inngått partnerskap med desse verksemdene:

- Årdal Aqua
- Mowi asa
- Tytlandsvik Aqua as
- Fister Smolt
- Strand videregående skole
- Vinterlandbruksskolen i Ryfylke
- Norsk Landbruksrådgiving Rogaland
- Høgskulen på Vestlandet

Fagskolen vil no tilsetje ein prosjektleiar for arbeidet for å definere innhald og korleis det skal gjennomførast. Denne skal sitje på Hjelmeland og målet er oppstart for studiet hausten 2024.

## 3. Ny søknad HK-dir

Administrasjonen skal sende inn søknad til HK-dir for 2023 i samarbeid med dei to vidaregåande skulane. På grunn av den uavklarte situasjonen for organiseringa av arbeidet har administrasjonen vore usikker på om ein i det heile skulle søkje om midlar. Sidan midlane gjeld for året 2023 er ein likevel komen til at ein bør søkje om midlar og prioritera søknadsinnrettinga på dei studia som er klare for igangsetting og planlegging. Desse er:

- Blå åker, Bachelorutdanning med oppstart hausten 2023
- Naturbruk, to høgare yrkesfaglege studie - utviklingsarbeid med oppstart hausten 2024
- HMS, fagskule med planlagt oppstart hausten 2023
- Sansestimulering (velferdsteknologi), fagskule med planlagt oppstart hausten 2023

Andre studie er ikkje klare for utvikling utover dei me alt har fått midlar til. Det er viktig å bruke tid og få til gode prosessar med næringslivet slik at når dei blir lagt ut for innsøking er



ryfylkingen klar for å starte på desse. Å gå for raskt fram og ikkje ha arbeidslivet aktivt med fører til at det ikkje blir nok søkjarar når desse skal startast opp, slik me alt har opplevd.

### ***Utanforskap***

Utanforskap, unge som ikkje er i arbeid eller utdanning, er eit viktig område å ha fokus på. Dette gjeld mange og det bør setjast inn ressursar for å gjere tiltak på dette området. Til beste for samfunnet og arbeidslivet, - men aller mest for den einskilde unge. Frå sentrale styresmakter er det i ferd med å kome økonomiske stimuleringsmidlar for å fokusera på utanforskap. I eit møte med Truls Nordahl, tidlegare leiar av NAV Rogaland, har me bede han lage eit innspelsnotat som me ser for oss å legge fram på rådsmøtet i mai. Han er no gått av med pensjon i NAV-systemet, og har ei fri rolle til å gjera slik oppdrag for oss. Han kjenner regionen godt.

### ***Ryfylkemuseet – utvandrarjubileet***

Arbeidet med ei prosjektsskisse for utvandrarjubileet er i god framdrift. Som vedtatt i sak 32/22 i Ryfylkerådet, vil Ryfylkemuseet kome med eit innspel til prosjekt - mest truleg til møtet i mai-23. Representantar for ungdomsutvalet har vore med på innspelsmøte i samband med arbeidet.

### ***Attraktivitetsprosjekt***

Rogaland fylkeskommunen har løyvd 200 000 kroner til arbeidet. Det blir ei grundig orientering på møtet i mai om status, der òg Heidi Skifjell kjem og orienterar om deira tilknytning til prosjektet og bruken av «Rogalandsmodellen» som metodikk for arbeidet.

### ***Fylkeskommunale arbeidsplassar***

Det er under planlegging eit møte med sitjande og komande fylkeskommunale folkevalde om desentralisering av arbeidsoppgåver og stillingar lokalisert i Ryfylke, jamfør sak 03/23.

### ***Nordfjord-samarbeid***

Det er gjennomført møter med ulike representantar i Nordfjordregionen med sikte på å utvikla eit større gjensidig samarbeid på området rekruttering, kompetanseutvikling og attraktivitet. Målet er gjennom samarbeid å forme dei verktøy me treng for å utfordre og hjelpe arbeidslivet med å bli meir synleg. Vidare at unge i etableringsfasen blir kjent med dette arbeidslivet. I påskeveka hadde dei Nordfjordtreffet for ungdom med 450 besøkjande gjester, der 60 bedrifter presenterte kva dei dreiv med, kva for stillingar dei hadde ledige (sommarjobb, trainee, faste) og kva kompetanse dei ville trenge i åra framover.

### ***Ryfylkesamkøyring***

Ryfylkealliansen og Ryfylke IKS inviterte 28. mars ulike regionale aktører til ei felles samling på Hjelmeland. Hensikta med møtet var å utveksle informasjon om kvarandre sitt arbeid og sjå på moglegheiter for å samarbeide/samkøyre om ulike aktivitet. Det var ei samla interesse for å slike møte jamleg i fortsetjinga.

### **Framlegg til vedtak**

Rådet godkjenner innkalling, sakliste, referat frå møtet .06.22 og meldingar.

## Sak 12/23 Ungdomsutvalet – ungdomsstyre for regionen

I sak 2/23 *Utvikling av Ryfylke-regionen. Tilrådingar frå Ungdomsutvalet* gjorde rådet dette vedtaket:

*Administrasjonen følgjer opp rapporten til neste møte. Innstillinga blir sendt ut på høyring til aktuelle instansar og rådet oppmodar kommunane til å invitera ungdomsutvalet til kommunestyret for å informere om innstillinga si.*

Administrasjonen sendte ut skriv til følgjande instansar med ynskje om innspel til innstillinga.

- Næringsforeningen i Stavangerregionen si Ryfylkegruppe
- Kommunane i Ryfylke
- Ungdomsråda i Ryfylke
- Ungdomsrådet i Rogaland fylke
- Sauda Vekst
- Suldal Vekst
- Ryfylkemuseet
- Reisemål Ryfylke
- Ryfylkealliansen
- Rogaland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Rogaland

Det er kome ei skriftleg tilbakemelding, frå Ryfylkealliansen, og me er gjort kjent med at fleire kommunestyre har hatt saka oppe der og medlemmer frå utvalet har vore med. Det er kome svært mange positive tilbakemeldingar frå ulike instansar som er blitt kjent med arbeidet. Ryfylkealliansen er òg positiv, men å endre på logo er dei meir skeptisk til.

Distriktsenteret har invitert oss til møte om koss arbeidet er organisert og erfaringane med det. Dei har i møte med oss lagt vekt på at slike prosessar legg til rette for gode innspel til politikktutforming. Og når spørsmåla gjeld kanskje den viktigaste målgruppa distriktskommunar vil ha i tale, er arbeidsmåten god.

Utvalet sine medlemmer har opplevd dette som eit spennande arbeid og delteke på fleire møte med ulike aktørar i Ryfylke som konsekvens av arbeidet. Eit konkret resultat er at medlemmene på eige initiativ har etablert ei Facebook-side for sjå på interessa for eit regionalt sommarjobb-konsept.

Etter at eit av medlemmene har vore med på møte med Sommarjobb-prosjektet i Nordfjord, ville ho i gang med dette alt no. Og i løpet av eit døgn hadde 130 hengt seg på sida tett opp i påskehelga. Eit prosjekt som Ryfylke IKS ynskjer å satse på med lansering neste sommar.

*Vurdering*

Det er mange innspel i rapporten og innspela gir signal om at regionen må lytte meir til dei unge. Administrasjonen opplever innspela som konstruktive og at dei bidrar til kunnskap og rettleiing på kva for tiltak som kan virke positivt inn på målsettingar regionen har for målgruppa.

Det er snart val og ein bør arbeida fram koss eit ungdomsutval kan arbeide saman med dei folkevalde om løysingar på utfordringar regionen er stilt overfor. Utvalet kan:

- svare ut spørsmål Ryfylkerådet og kommunane er opptekne av
- kan ta opp saker dei sjølv ser som viktige
- kan bidra aktivt i arbeidet med å utvikla eit nettverk mellom unge som er ute og søker utdanning og arbeidserfaring
- kan velje representantar til ungdommens fylkesråd

Me opplever etter å ha arbeidd med ungdomsutvalet at å ha ei samansetting som er vidare en dei tradisjonelle ungdomsråda i kommunane er bra. Eit utval som består av to frå kvar kommune der ein representerer ungdomsrådet i kommunen og ein som er noko eldre. Mellom 20 og 25 år vil her gje meir kunnskap og utvikling for dei som er litt yngre. Dei yngste bur mest truleg heime mens dei som er litt eldre har vore ute og erfart litt meir, og utvalet kan dermed gi kvarandre erfaringsutveksling og kunnskap.

Dei fleste regionråd har slike utval og det er henta inn erfaringar frå desse og fleire peikar på at dei òg vurder å trekkje litt eldre (<25 år) med for å få meir livserfaring inn i arbeidet. Med dagens teknologi vil det òg bli lettare å halda møter utan å vera fysisk til stades.

Å etablera vedtekter for ungdomsutvalet som gir dei ei litt fri rolle er naturleg. Og at dei normalt har samlingar omtrent på same tid som Ryfylkerådet er naturleg.

Ungdomsutvalet har i innstillinga si peika på at dei ikkje ynskjer eit råd, men eit styre - og det bør rådet følgja opp.

### **Framlegg til vedtak**

Ryfylkerådet ber administrasjonen leggje fram ei sak med målsetting om å etablera eit ungdomsstyre for Ryfylke.

Det må utarbeidast vedtekter og definerast arbeidsoppgåver for styret.

Rådet får ei samansetting på ti, med to frå kvar kommune.

- Ein representant frå kommunen sitt ungdomsråd
- Ein representant som er mellom 20 og 25 år

Målet er at ungdomsstyret i Ryfylke kan starte sitt arbeid før jul-23.

## Sak 13/23 Kommunikasjonsstrategi Ryfylke IKS

### Bakgrunn

Med bakgrunn i tidlegare kartleggingsarbeid (Sak 03/2023), peikar ein på behovet for å styrke informasjonsarbeidet i Ryfylke.

### Ryfylkerådet gjorde vedtak om å jobbe vidare med følgande punkter:

1. Ryfylke.no må styrkjast på innhald og offentleg informasjon frå selskapet må bli tilgjengeleg.
2. Andre interkommunale selskap bør inviterast med i prosessen med sikte på å ha ein portal for regionale tiltak som har som eit av sine mål å spreie offentleg informasjon.
3. Etablering av ein plattform for unge på jakt etter sommarjobb eller å skaffe seg arbeidserfaring.

Dette har vore utgangspunktet for vidare arbeid.

Ryfylke IKS har etter dette engasjert Melvær & Co til å gje oss kunnskap og innspel til koss Ryfylke kan ta dette arbeidet vidare.

### Vurdering

Me har gått gjennom og gjort følgjande vurderingar for eigen status:

#### Ryfylke.no

Skal me bli oppfatta som ein attraktiv region, må me òg ha ei attraktiv og informativ nettside. Vår oppgåve i Ryfylke IKS er å løfta og utvikla Ryfylke-regionen. Dette arbeidet må synast på nettsida.

Nettsida må styrkjast på kvalitet og innhald og ha eit breiare fokus på «eit samla Ryfylke», der me løfter fram heile regionen. Nettsida må òg ha eit strategisk fundament og ha ei aktiv drift som held nettsida levande.

Me er no i ein prosess med å kartlegge kva slags innhald som bør vera på [Ryfylke.no](https://ryfylke.no).

I samarbeid med [Melvær & co](https://melvaer.no) setter me opp moglege løysningar for ein slik portal med utgangspunkt i ulike målgrupper og kundereiser. Ein portal som [Ryfylke.no](https://ryfylke.no) bør venda seg til eit bredt publikum. Me ønskje derfor å bygge opp nettsida slik at den er skreddarsydd til ulike målgruppe:

1. Dei som har flytta vekk, men vurdere å flytte heim
2. Ungdommen – som studerer eller går på skule i regionen
3. Barnefamiliar i Ryfylke
4. Andre som bur i Ryfylke



## 5. Politikarar

Under domene [Ryfylke.no](http://Ryfylke.no) har me ein unik moglegheit til å samle informasjon om alt Ryfylke har å by på. Denne sida kan fungere som eit oppslagsverk for alle som treng informasjon om Ryfylke. For å sikre tilflytting til og trivsel i Ryfylke, er det viktig at folk har ein base der dei finn informasjon. Gjennom nettsida ynskjer me å synleggjere våre relasjonar til andre organisasjonar i Ryfylke som jobbar for det same formålet.

### **Sjølve hovuddrivarane til nettsida bør vera å:**

- visa Ryfylke-regionen som ein verdiskapar
- skaffe folk og kompetanse til regionen
- bygge stoltheit
- appellere til ungdommen

### **Innhald som kan inkluderast til Ryfylke.no:**

1. Informasjon om Ryfylke:
  - Kva lever me av? Informasjon om næring og bedrifter
  - Kva skjer? Informasjon om ulike arrangement, festivalar, reiseliv, museum etc.
  - Korleis er det å bu her? Informasjon frå kommunane (ordningar, bustad, barnehage etc.)
2. Informasjon om Ryfylke IKS
  - Nyheitssaker og blogginnlegg
  - Våre prosjekt og det me jobbar med
    - Regionutvikling
    - Utdanningsprosjekt
    - Attraktivitetsprosjekt
3. Juridiske og offentlege dokumentar
  - Postliste
  - Saksdokument
  - Tilgjengelegheitserklæring
4. Ryfylkealliansen sitt arbeid
  - Nyheitar og aktivitetar
  - Oversikt over medlemmar
  - Ryfylkepuls
  - Pilt-Ola
5. Ryfylkefondet

*Ei tenkt løysning til Ryfylke.no med utgangspunkt i desse punkta, vil bli presentert av Melvær & co. 12.april.*

For å lukkast med Ryfylke.no-portalen er det viktig at me har eit tett samarbeid med Ryfylkealliansen, kommunar, næringsliv og andre regionale aktørar i Ryfylke. Me bør òg lage ein kommunikasjonsstrategi for å sikre at me drifter Ryfylke.no strategisk. Me bør definere innhald, mål og budskap, målgruppe og kanalvalg. I tillegg til å jobbe med brukaroppleving, universell utforming, klarspråk, søkemotoroptimalisering, sikkerheit og pålitelegheit.

### Andre ting:

- For å tilfredsstillere krav til informasjonsflyt som er sett til interkommunale selskap ynskjer me å sjå nærare på løysningar, slik som har blitt gjort i [Setesdal interkommunalt politisk råd](#) og i [regionrådet for Hallingdal](#).
- Frå 1.februar 2023 ([FOR-2023-01-17-87](#)) skal alle verksemdar i offentleg sektor ha ei tilgjengelegheitserklæring på sine nettside. Ryfylke IKS må ta stilling til i kva grad me skal etterleve krava til universell utforming av ikt.
- For å styrke Ryfylke.no må me fjerne unødig informasjon som ligg tilgjengeleg digitalt i dag. Me er i gang med eit digitalt oppryddingsarbeid.
- Vidare bør me jobba med å søkemotoroptimalisere Ryfylke.no og analysere trafikken til nettsida, slik at me får meir innsikt i kva som genererer trafikk.
- Me ynskjer òg å sjå nærmare på korleis me kan betre vår interne kommunikasjon, slik at me får ein betre kommunikasjonsflyt mellom kommunane.

### Sommarjobben.no

Ungdomsutvalet (ref. Sak 2/2023) konkludere med at ungdommen har for lite kjennskap til Ryfylke, både kva som skjer i regionen, kva regionen lever av og kva kommune og næringsliv har behov for. Utvalet meiner dei treng meir kunnskap om kva Ryfylke har å tilby og kva dei kan jobbe med i regionen. Rapporten frå utvalet viser at me kommuniserer for dårleg med dei unge.

Det blei konkludert med at ein må fange opp unge ryfylkingar som utdannar seg og som søker arbeidserfaring. Utvalet peikte på desse fokusområda:

1. Å få fram kunnskap om kva regionen treng
2. At det går an å arbeide med det som ein utdannar seg til – òg som sommarjobb
3. Å få informasjon om kva arbeidslivet driv med, korleis arbeidsplassen utviklar seg og framtidsutsiktene for både offentleg og privat sektor

I arbeidet med å etablere ein kommunikasjonsplattform, er me no i ei kartleggingsfase. Me er i dialog med [Nordfjordakademiet](#) som har etablert kommunikasjonsplattformer som

kommunisera med dei unge om arbeidslivet i Nordfjord. I saman med dei kan me nytte erfaringar og utvikle arbeidet med sikte på optimal kraft for å nå dei unge som ei viktig målgruppe.

#### **Mål for kommunikasjonsplattformen:**

1. Å ivareta og promotere Ryfylke som ein attraktiv bu- og arbeidsregion i Rogaland
2. Å samla synleggjere eit mangfald av karrieremoglegheiter i Ryfylke
3. Tilby oppdaterte digitale rekrutteringsverktøy for kortsiktig og langsiktig rekruttering

#### **Innhald som kan vere hensiktsmessig å ha med:**

##### **1. Jobb i Ryfylke**

- Informasjon om kva regionen treng
- Informasjon om moglegheitene som finst i regionen

##### **2. Sommarjobb i Ryfylke**

- Sommarjobbar i Ryfylke vert vist her

##### **3. Ryfylke-nettverket (alumni)**

- Eit regionalt nettverk som gjer det lettare for bedrifter å rekruttere på tvers av kommunegrensar. I dette nettverket kan bedrifter sjå kven som utdannar seg til kva i regionen.
- Eit kontaktpunkt der me følge opp og held kontakten med ungdom som reiser ut av Ryfylke for å ta utdanning
- Gjennom utdanningsløpet får studentar informasjon om moglegheitene som finst i Ryfylke.
- Eit alumni vil bli eit knytepunkt for å sikre jobb til både arbeidsgivar og arbeidstakar i Ryfylke.

Nordfjord er her komne langt og har 700 unge i «stallen» sin.

### Det som må undersøkast:

- Korleis kople på næringslivet? Korleis få bedriftene til å engasjere seg?
- Korleis knytte band med ungdommen som bur i Ryfylke og dei som har flytta vekk?  
Korleis kan me bygga opp nettverket, og få til samarbeid over kommunegrensene?

Fremdriftsplan	2023				2024			
	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4
<b>Sommarjobben.no</b>								
Kartlegging								
Forankre prosjekt med bedrifter								
Utforming av nettside								
Utforming av strategi								
Forankre prosjekt med ungdommen								
Publisering								

### Grafisk profil

Å styrke merkevara Ryfylke slik arbeidslivet og folk naturleg snakkar om regionen.

Samla Ryfylke – gjera ting saman og med det styrka merkevare.

Gå vidare i prosessen. Dialog med fagfolk.

Det arbeidet me har gjort i samarbeid med Melvær & co, vil bli presentert for rådet.

### Referanse:

<https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/OIG73/ryfylke-har-faatt-sitt-eige-symbol>

### Framlegg av vedtak:

Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstilling og ber administrasjonen

1. Gå vidare med prosessen om å etablere ny nettside for Ryfylke.no
2. Gå vidare i prosessen med å etablere Ryfylke alumni og sommarjobben.no
3. Utforme ein kommunikasjonsstrategi for dei digitale kanalane til Ryfylke IKS
4. Forankre ny merkevare ved at naturlege regionale aktørar blir invitert med



## Sak 14/23 Ryfylketing 2023

Ryfylkerådet har tidlegare drøfta (sak 44/22) og bestemt at det skal haldast eit nytt Ryfylketing til hausten.

Tinget skal gå over to dagar med eit variert program som tar sikte på å løfte felles saker til beste for regionen.

Administrasjonen har sett på møteplanane til kommunane og for november ser dei slik ut:

Kommune	Kommunestyret	Formannskapsmøte	Formannskapsmøte
Sauda	Ingen	15.11.	
Suldal	01.11.	28.11.	
Hjelmeland	02.11.	21.11.	
Strand	20.11.	23.11.	
Sandnes	13.11.	06.11.	20.11

Derfor gjer me framlegg om torsdag 09. og fredag 10.november (eventuelt 08. og 09. november) som aktuelle dagar for ei slik samling.

Saker som er aktuelle å sett på dagsorden vil vera statusoppdatering for arbeidsområde regionen har sterkt fokus på, og gjerne går djupare inn på område som:

- Viktige næringsprosjekt for regionen
- Samferdsleutfordringar
- Kraftproduksjon
- Livslang læring
- Ungdomsutvalet
- Regionsamarbeid - folkevaldarbeid
- Regionen i høve til fylke og sentrale styresmakter

Me ser òg at innspel frå ei slik samling kan vera med å gje grunnlag for rullering av planverket for Ryfylke IKS for den komande valperioden.

### Framlegg til vedtak

Det blir arbeidd vidare med programmet for Ryfylketinget, og eit konkretisert innhald blir lagt fram for rådet over sommaren.

Det blir sendt ut informasjon til kommunane om tid og stad så raskt desse er klare.

## **Sak 15/23 Rekneskapsrapport 2022**

### **Framlegg til vedtak**

Rådet tar rekneskapsrapporten til orientering.

## **Sak 16/23 Eventuelt**

Lysefjorden Utvikling og Stiftelsen Preikestolen, orientering ved dagleg leiar Helge Kjellevoll.